

Fra: Hernes, Inger Marie <inger.marie.hernes@statsforvalteren.no>

Sendt: 11.05.2023 14:29:32

Til: Postmottak Alver <post@alver.kommune.no>, postmottak@askvoll.kommune.no, postmottak@askoy.kommune.no, Postmottak Aurland <post@aurland.kommune.no>, Postmottak Austevoll <postmottak@austevoll.kommune.no>, Post Austrheim <post@austrheim.kommune.no>, postmottak@bergen.kommune.no, Postmottak Bjørnafjorden kommune <post@bjornafjorden.kommune.no>, post@bremanger.kommune.no, postmottak@bomlo.kommune.no, Postmottak Eidfjord kommune <postmottak@eidfjord.kommune.no>, post@etne.kommune.no, Postmottak Fedje <postmottak@fedje.kommune.no>, fitjar@fitjar.kommune.no, post@fjaler.kommune.no, post@glommen.kommune.no, Postmottak Gulen kommune <postmottak@gulen.kommune.no>, postmottak@hyllestad.kommune.no, postmottak@hoyanger.kommune.no, post@kinn.kommune.no, Postmottak Kvam kommune <postmottak@kvam.kommune.no>, Postmottak Kvinnherad kommune <post@kvinnherad.kommune.no>, postmottak@luster.kommune.no, post@laerdal.kommune.no, Post Masfjorden kommune <Post@masfjorden.kommune.no>, Postmottak Modalen <postmottak@modalen.kommune.no>, Post Osterøy <post@osteroy.kommune.no>, Postmottak Samnanger <postmottak@samnanger.kommune.no>, postmottak@sogndal.kommune.no, post@solund.kommune.no, post@stad.kommune.no, post@stord.kommune.no, postmottak@stryn.kommune.no, postmottak@sunnfjord.kommune.no, postmottak@sveio.kommune.no, post@tysnes.kommune.no, postmottak@ullensvang.kommune.no, Postmottak Ulvik kommune <postmottak@ulvik.kommune.no>, Postmottak Vaksdal <post@vaksdal.kommune.no>, post@vik.kommune.no, Postmottak Voss herad <postmottak@voss.herad.no>, postmottak@oygarden.kommune.no, postmottak@ardal.kommune.no

Emne: Få informasjon om Inn på tunet rett i innboksen

Til kommunane ved helse- og utdanningsavdeling.

Til alle som arbeider innan helse og utdanning i kommunane i Vestland.

Lurer du på kva som skjer med Inn på tunet om dagen? Du kan få aktuell informasjon fire gonger i året gjennom Nytt frå Inn på tunet.

Me får stadig førespurnader frå ulike grupper, både kjøparar og tilbydarar, noverande og framtidige, om kva som rører seg på Inn på tunet områda, og kvar ein kan finna aktuell informasjon om det.

Me hjå Statsforvaltaren sender, i samarbeid med Fagforum Inn på tunet Vestland, ut infobrev til ulike kjøpargrupper, tilbydarar av Inn på tunet tenester og alle andre som er interesserte. Her får du informasjon om kva som rører seg innanfor Inn på tunet; lokalt, regionalt og nasjonalt. Eksempel på saker er forskning- og utvikling som omhandlar Inn på tunet, nye initiativ frå kommunar, oppdatering og endring av regelverk og presentasjon av Inn på tunet-tilbod.

Det er for tida mykje som skjer. Ny handlingsplan for Vestland er under utarbeiding, det kjem ny nasjonal kommunikasjonsstrategi og det vert utarbeida ulike verktyø for kjøp av Inn på tunet-tenester. I infobrevet finn du denne informasjonen samla, og du får innblikk i arbeidet som skjer ute i dei enkelte kommunane, sist frå felles informasjonsmøte i Kvinnherad kommune.

Om dette høyrest interessant ut kan du melda deg på ved å senda e-post til ragna.flotve@statsforvaltaren.no

Infobrevet frå mai finn du vedlagt.

Med venleg helsing
Inger Marie Hernes
rådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 55 57 20 08

E-post: inger.hernes@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl